

1. **Årsmelding 2009.** Vedteke slik den er vist under.

Årsrapport Vikebygd IL o-gruppa 2009

Løparar og arrangement:

Dette året har 41 ulike løparar delteke i eit eller fleire løp for Vikebygd IL. Dei fleste av desse har vore nybyrjarar, men fire løparar har vore svært aktive og delteke jamleg på kretsløp og nasjonale løp.

Øyvind Valen har vore leiar i O-gruppa dette året, Harald Steinsland har vore materialforvaltar, Einar Martinsen oppmann.

Arne Tveit og Harald Steinsland hadde ansvaret for turorienteringa som i år gjekk på karta Longåsdaalen og Vikebygd,. Det blei solgt 22 konvoluttar og 23 ekstra klyppekort. Me delte ut 12 gull og 2 bronse

Innetreningane inne i vinter (styrketrening og ballspel) har Einar hatt ansvar for. Her har det vore 10 - 20 deltakarar kvar gong.

Vikesprinten blei arrangert på det nyrevidert "Vikebygd" 1. mai med Einar Marius og Harald som løypeleggar og Øyvind som løpsleiar. Det var 99 deltakarar. Vinnar blei i år Oddmund Roalkvam frå Stord i herreklassen Turid Nystrøm frå Stavanger i dameklassen. Gledeleg at det var svært mange lokale deltakarar.

I august arrangerte me KM i stafett i Årvik. Einar la løypene og Øyvind var løpsleiar, men alle vaksne i laget deltok i tillegg med mykje dugnad. Totalt deltok 27 lag, og saman med nybyrjarar blei det her 98 deltakarar.

For å øva oss på stafettarrangementet, arrangerte me ein vellukka ministafett på Skjold skule med deltakarar frå heile distriktet.

I tillegg hadde me ansvar for to nærløp / Grannarkaruselløp. Arne hadde eit på Longåsdaalskartet, medan Per Øyvind, Kristian og Øyvind hadde eit frå Trovåg. Dette siste var også Grannarmesterskap.

O-gruppa var også aktive i Kvamsåsen og barnas idrettsdag, mellom anna med eit orienteringsopplegg.

Representasjon:

Einar Marius og Per Øyvind har vore fast medlem på kretslaget heile dette året. Begge er også innstilt til kretslaget for neste år.

I haust blei me invitert til å delta i "Ungdom elite" – eit treningsopplegg som HIL har starta. Per Øyvind deltek på treningane i Haugesund to gonger i veka.

Resultat i sesongen:

Einar Marius, Per Øyvind og Harald har alle delteke i ulike **nasjonale mesterskap** dette året: Einar Marius i NM i juniorklassen, Per Øyvind i hovedløpet for gutar og jenter, og Harald i NM for veteranar. Alle tre havna om lag rundt midten av resultatlista.

I **Vestlandsmesterskapet** fekk me desse resultatata:

- Gull til Per Øyvind i H 13 -14, 5. plass til Einar og 10. plass til Einar Marius. I stafett stilte me herrelag, som var uheldige og blei diska, tross fleire gode løp.

Laget fekk fylgjande medaljar i **kretsmesterskap** dette året:

- 2 gull til Per Øyvind i H 13-14. (mellomdistanse og langdistanse)
- Sølv til Einar i H-40 (ultralang) og 2 sølv til Einar Marius i junior (ultralang og lang)
- Me stilte stafettlag i herreklassen (Per Øyvind, Einar Marius og Arne som fekk 7.plass .

I **kretsranking**en fekk med desse resultatata: Einar vann H 40, Per Øyvind kom på 2.plass i H 15-16 , Einar Marius på 3.plass i H 17-18, og Harald på 8.plass i H-60.

I Pokalkampen for Nord-Rogaland og Sunnhordland, vart Vikebygd IL også i år fjerde beste klubb, etter dei tre store, Haugesund, Odda og Stord. Dette er same plassering som i fjor, som då var vår beste plassering nokosinne. I rekruttkampen var me beste klubb fram til siste løp, men då me ikkje hadde nokre rekruttar med i siste løp, enda me på andreplass.

Grannemeisterskapen blei i år arrangert av av Vikebygd i Trovåg. Me fekk to napp i vandrepokalane.: Harald i H 55 og Einar i H-17.

I Grannekarusellen (6 løp kor 4 tel i samandraget) vann me dei tre herreklassane. Vinnarar var Einar i langløypa, Harald i mellomløypa og Kristian i kortløypa.

I tillegg har dei ivrigaste løparane delteke i svært mange andre løp lokalt og nasjonalt. Dei beste resultatata her var nok Einar Marius sin 1. plass i Sørlandsgaloppen, Harald sin 4. plass i O-land, samt Per Øyvind sin 4. plass i pinseløpa på Kongsberg.

Kartarbeid:

Einar Marius har laga sprintversjon av deler av ”Vik sentrum-kartet”. Ingen kartprosjekt er planlagt utanom dette, men me har framleis 100.000 kroner til eit kartfond i hovudkassen til idrettslaget.

Miljøarbeid og rekruttering:

Inntreningane og løpa er det viktigaste miljøarbeidet me har for dei eldre.

For dei yngre starta me i år med nybyrjartreningar og kurs i vinter. Øyvind, Kristian og Per Øyvind hadde ansvaret. Me hadde innetreningar og tre nybyrjarløp. Me avslutta

med overnattingstur til Longåsdalen. Totalt var 17 ulike barn i aldersgruppa 10-12 år med. 5 av desse var med på ein kretssamling ved Sandnes i mai. I vårsesongen hadde me med svært mange nybyrjarar i løpa, og sjølv om det var litt frafall i løpet av sesongen, så har me rekruttert fleire nye dette året.

Økonomi:

På inntektssida er det inntekter frå eigne arrangement som fyrst og fremst viser att, og i år har me nærare 20.000 i bruttoinntekt her. I samband med desse arrangementa er det mykje dugnad.

Utgiftene elles er fyrst og fremst knytta til deltakaravgifter og reise for dei mest aktive løparane.

Hovudlaget har mange av inntektene som også O-gruppa er med å skaffa (Støtte, gåver frå Thomas Bakkevig, Kvamsåsen, Vikebygdfestivalen, bingo, med meir.) Slik dette er fordelt vil det vera naturleg at O-gruppa separat har eit mindre underskot, sidan fellesinntekta blir ført direkte i hovudlaget.

Rekneskapen blir ført av idrettslaget sin kasserar, Berit Skartland.

Til slutt må det som vanleg rettast ei stor takk til alle som har gjort ein innsats i o-gruppa i 2009, anten det er deltaking i løp, styreverv, arrangera tur-o, leggja løyper, , kakebaking, påmeldingar, premieinnhenting og dugnadsarbeid i samband med løp eller anna. Det er få å dela på, men saman klarer me å få utretta ein heil del.